

Felles programstyre for lektorutdanninga

Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga Møte 6 - 2025

Tidspunkt: 9. desember, 2025, kl. 10.00 – 11.00

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Dag Rones (PF), Mona Langø (vara, SV), Bjørn Ola Tafjord (vara, HF-AHKR), Ragnhild Lie Anderson (HF-nordisk), Matthias Stadler (NT), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug skole), Vibeke Tellmann (fagleg praksisleiar, observatør), Ranveig Lote og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

Kunne ikkje møte: Monica Håkonsli (VLFK), Christian Sæle (AHKR-HF), Myriam Coco (IF-HF), Kjetil Børhaug (SV), Thashany Pratheepan, Rolf Ivar Bøe og Anders Taraldsen (studentrepresentantar)

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 28. oktober

Protokollen blei godkjend.

Saker til eventuelt: ingen

Vedtakssak

Sak 54/25 Møteplan vår 2026

Etter mindre endringar vart møteplan for vår 2026 som følger:

- 3. februar, kl. 09.00 – 11.00 – **endra til: 10.00 – 12.00**
- 24. mars, kl. 09.00 – 11.00
- 12. mai, kl. 09.00 – 11.00
- **16. juni, kl. 09.00 – 11.00 – lagt til som eit tentativt møte ved behov**

Vedtak

Felles programstyre vedtok framlegget til møteplan for våren 2026, med dei merknadene som kom fram i møtet.

Orienteringssak

Sak 55/25 Praksisbesøk haust 2026

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 56/25 Universitetskulesamarbeid, pilot 2026-2029

Universitetskulesamarbeidet har teke utgangspunkt i strukturar frå tidlegare universitetskuleavtalar, og samarbeidet med dei eksisterande universitetskulane er difor vidareført. Samtidig innebér denne piloten ei ny og meir gjensidig forpliktande ordning der målet er å styrkje lektorutdanninga som heilskap.

Foreløpig er det fire vidaregåande skular som er inkludert i samarbeidet, men det er ønskeleg å inkludere 1-2 ungdomskular på sikt. Det kom innspel i møtet om at det er ønskeleg å inkludere ungdomsskulen.

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 57/25 Nasjonal lektorutdanningskonferanse 2025

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 58/25 Lektorutdanningskonferansen ved UiB 2026

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 59/25 Nytt frå praksisutvalet

I tillegg til saker som allereie er omtala i sak 55/25 og 56/25, har praksisutvalet arbeidd med praksisevaluering. Evaluering av gruppepraksis-pilot vil bli ferdigstilt over nyåret.

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 60/25 Utviklingsmidlar 2026

I ny studiemodell for lektorutdanninga blir femte semester hausten 2026 krevjande med 125 fleire studentar i langpraksis, I tillegg skal det opprettast nye emne i fagdidaktikk og pedagogikk, og det skal opprettast eit nytt lektortilpassa emne i disiplinfag for HF og SV.

Med bakgrunn i dette vil lektorsenteret stille til disposisjon utviklingsmidlar for fagmiljøa i lektorutdanninga til utviklingsarbeid i samband med implementeringa av ny studiemodell i 2026. Samla pott til formålet er kr 1 000 000,-

Fakultet og institutt er orientert i brev. I tillegg ynskjer lektorsenteret å invitere til digitalt allmøte i januar.

Felles programstyre tok saka til orientering.